

Sentralstyret Sakspapir

Møtedato 03.11.2017-04.11.2017
Ansvarlig Arbeidsutvalget
Saksnummer SST2 05.01-17/18
Gjelder Motsetninger i plattform om organisering av UH-sektoren – Diskusjonssak



Norsk studentorganisasjon

1 Vedlegg til saken:

- 2 1. Plattform om organisering av UH-sektoren
- 3 2. Protokoll fra LM7, kun endringsforslag denne plattform (*kun elektronisk*)¹
- 4 3. Forrige plattform om organisering og dimensjonering av høyere utdanning (*kun elektronisk*)²
- 5 4. Prinsippprogram for Norsk studentorganisasjon 2016-2019 (*kun elektronisk*)³

6 MOTSETNINGER I PLATTFORM OM ORGANISERING AV UH-SEKTOREN – 7 DISKUSJONSSAK

8 FORMÅL

9 Diskutere om sentralstyret (SST) er enig med arbeidsutvalget (AU) i at *plattform om organisering*
10 *av UH-sektoren* har motstridende politikk. Om SST eventuelt enig i AU sin tolkning er det ønskelig
11 å diskutere hvilke punkter i plattformen som kan tolkes som motstridende og eventuelt hva man
12 ønsker å gjøre videre med plattformen.

13 Denne diskusjonen er ikke en omkamp, men en diskusjon om hvordan innholdet i plattformen skal
14 håndteres.

15 SAKSPRESENTASJON

16 Plattform om organisering av UH-sektoren kan etter arbeidsutvalgets oppfatning være
17 selvmotsigelser på noen tematikkområder gjør at AU opplever den som noe utfordrende å bruke
18 som arbeidsverktøy. På bakgrunn av kommunikasjon med kontrollkomiteen ønsker AU å løfte
19 saken til SST.

20 Plattformen er vedtatt av landsmøtet (LM) og SST vil derfor ikke ha noen formel mulighet til å gjøre
21 endringer i plattformen. Hvis SST er enig med AU sin oppfatning av plattformen er det derfor
22 ønskelig med innspill til hvordan AU kan jobbe med plattformen og hva SST eventuelt kan tenke
23 seg å gjøre videre i prosessen.

24 VURDERING

25 Sett gjennom de overordnede linjene i plattformen kan det oppfattes som om plattform for
26 organisering av UH-sektoren har noen uoverensstemmelser som kan virke selvmotsigende.
27 Arbeidsutvalget (AU) ønsker her å trekke frem de mest tydelige eksemplene.

¹ Protokoll fra LM7: <https://www.student.no/content/uploads/2017/10/SST2-05.01-1718-Motsetninger-i-plattform-om-organisering-av-UH-sektoren-Vedlegg-2-Protokoll-revidering-av-plattform.pdf>

² Forrige plattform om organisering og dimensjonering: <https://www.student.no/content/uploads/2017/10/SST2-05.01-1718-Motsetninger-i-plattform-om-organisering-av-UH-sektoren-Vedlegg-3-Tidligere-plattform-om-organisering-og-dimensjonering.pdf>

³ Prinsippprogram for NSO: <https://www.student.no/dokumenter/prinsippprogram/>

28 Motsetningene er referert til gjennom linjenummer i vedlegg 1, plattform om organisering av UH-
29 sektoren.

30 **Fagleg profil og institusjonell autonomi**

31 Innenfor dette kapittelet ligger spørsmålene hovedsakelig knyttet til om det vil være en motsetning
32 til det landsmøtet (LM) mente med autonomi og selvstyring. Plattformen definerer ikke hva NSO
33 mener at autonomi er.

34 I forbindelse med spørsmål om autonomi understreker plattformen innledningsvis at «*autonomien*
35 *til institusjonane er svært viktig for å sikra fri forskning og god utdanning.*» At institusjonell autonomi
36 er viktig virker for AU som en gjennomgående tematikk i NSO. NSO sitt prinsippprogram (vedlegg 4)
37 underbygger dette. Prinsippprogrammet er overordnet øvrige politiske dokumenter i NSO.

38 Prinsippprogrammet sier blant annet at:

39 *«Institusjonens akademiske autonomi er viktig for å bygge opp om den frie, kritiske*
40 *forskningen og utdanningen. Den frie forskningen og utdanningen er verdifull for samfunnet*
41 *gjennom kontinuerlig å utvikle samfunnet og kritisk vurdere samfunnets organer»* og at
42 *«Hver enkelt institusjon bør kunne prioritere områder som de ønsker å satse på gjennom*
43 *sine strategier. For å sikre bredde i forskningen må det allikevel være nok frie midler og*
44 *stillinger til at en betydelig andel forskere har mulighet til å forske på områder som ikke er*
45 *innenfor disse satsingene»* (se vedlegg 3. kapittelet *institusjonenes autonomi*).

46 I plattformen understrekes det at autonomi er viktig. Se blant annet linje 52-66 som er tydelig på at
47 institusjonen selv skal bestemme når det kommer til fagmiljø, studieprogramportefølje og
48 arbeidsdeling.

49 Dette kan derimot tolkes som motstridende med det som trekkes frem på linje 73-76:

50 *«Den faglege profilen skal spissast inn mot nokre utvalde område som vert avgjort politisk*
51 *av Stortinget etter eit heilskapsomsyn, men der institusjonane sjølv gjev si anbefaling i form*
52 *av innspel til departementet på faglege styrkar og satsingsområder»*

53 Noe av det samme kan ses på linje 86-91, der plattformen sier at departementet skal stille tydelige
54 krav og tildele insentiver i forbindelse med samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK). I
55 plattformen spesifiseres det på linje 102-103 også at «*nasjonale styresmakter skal sette rammer*
56 *for utdanningstilboda slik at ikkje institusjonane kan oppretta nye studium som er utanfor profilen*
57 *og samfunnsoppdraget til institusjonen*». Avsnittet på linje 106-112 sier også at styresmakter kan
58 slå sammen fagmiljøer dersom institusjonen ikke er villige til å spisse fagmiljøene i henhold til den
59 politiske strategien til Stortinget, eller har nok kandidater.

60 *Om ikkje institusjonane er villige til å spissa fagporteføljen i tråd med Stortingets strategi, og*
61 *dessutan nasjonale og internasjonale behov for kandidatar, kan samlinga av fagmiljø*
62 *gjerast gjennom politisk avgjerd . Politisk bestemd samling av fagmiljø skal gjerast gjennom*
63 *gradvis avvikling av studieplassane slik at verken institusjonen, dei fagleg tilsette*
64 *eller studentane som er teke opp på studiet vert unødig skadelidande. Departementet skal*
65 *ha ettersyn med eventuelle avviklingsplaner og kan i ytste konsekvens setja i verk*
66 *sanksjonar for institusjonar som ikkje gjennomfører SAK etter politisk intensjon. (Linje 106-*
67 *112)*

68 **Nasjonalt ansvar**

69 Plattformens innledning på linje 13-15 og avsnittet på linje 67-71 understreker at nasjonalt ansvar
70 skal tilddeles små, sårbare og/eller svake fagmiljøer. Disse miljøene skal tildeles midler og kunne

71 bruke tittelen nasjonalt ansvar. I kapittelet nasjonalt ansvar (linje 190-198) sier man derimot også
72 at nasjonalt ansvar skal kunne tildeles for å styrke miljøer som allereie er gode:

73 «Nasjonalt ansvar for fagområde kan tildelast institusjonar av Kunnskapsdepartementet for
74 å styrkja fagmiljø som allereie er gode eller som eit verkemiddel for å verna fagområde og
75 utdanningar som er skjøre, men som er essensielle for utvikling av kunnskapssamfunnet»
76 (Linje 191-192).

77 AU er usikre på om dette er en motsetning eller om dette skal regnes som vedtatt politikk. Det er
78 ingen motsetning mellom dette i seg selv, men sett opp mot debatten på landsmøtet er det
79 ønskelig med innspill fra SST.

80 **Spørsmål til diskusjon**

- 81 1. Mener SST at plattformen er selvmotsigende?
- 82 2. Hvilke punkter i plattformen mener man er motstridene?

83 Dersom SST mener at plattformen er selvmotsigende ønskes det vider at man diskuterer:

- 84 3. Hva ønsker SST eventuelt å gjøre videre med saken?
- 85 4. Hva tenker SST eventuelt vil være mulige måter for å skape klarhet i NSO sin politikk ved
86 lignende tilfeller?

87 **INNSTILLING**

88 *Det fattes ikke vedtak i diskusjonssaker.*

89

1 **VEDLEGG 1: PLATTFORM OM ORGANISERING AV UH-SEKTOREN**

2 *Revidert på NSOs landsmøte 2017, 26. mars 2017.*

3 **INNLEIING**

4 Institusjonslandskapet består av både store og små institusjonar, der mange strekk seg over store
5 geografiske avstandar. Dette skapar både høve og utfordringar knytt til kvalitetsarbeidet ved
6 institusjonane. Institusjonane må sørgja for god arbeidsdeling både mellom interne campusar og
7 kvarandre. Fagmiljøa skal vera sterke nok til å driva vitskapleg arbeid og utdanning på høgt nivå.
8 Norske utdanningsinstitusjonar skal kunna konkurrera med dei beste internasjonale institusjonane,
9 både innan forskning og utdanning.

10 Autonomien til institusjonane er svært viktig for å sikra fri forskning og god utdanning. Det krev at
11 finansieringssystemet har ein høg basiskomponent som gjev institusjonane føreseielege
12 arbeidsforhold. Departementet kan driva styring gjennom insentiv i resultatkomponenten,
13 utviklingsavtaler med kvar enkelt institusjon og andre enkelttiltak. For å oppretthalda sårbare
14 fagmiljø skal departementet kunna tildela nasjonalt ansvar. Enkelte institusjonar kan få slikt ansvar
15 for å sikra vidareføring av forskingsarbeid og å betra rekrutteringa til fagområdet.

16 **HØGARE UTDANNING OG SAMANHENG MED RESTEN AV UTDANNINGSSYSTEMET**

17 Funksjonen til høgare utdanning i det norske utdanningssystemet er å vera et forskings- og
18 utviklingsbasert tilbod etter vidaregåande skule, for å utdanna personar til ein høgare og lengre
19 grad som er retta inn mot bestemte profesjonar, disiplinar, og/eller som femnar fleire fagområde.
20 Både bachelor- og mastergradar ved universitet og høgskular skal legge til rette for og utvikla
21 kompetanse til vidare forskarutdanning og forskarkarriere, i tillegg til å førebu studentar på det
22 vanlege arbeidsliv. For å sikra at nye bachelorstudentar ved studiestart ikkje opplever å møte ein
23 studiesituasjon som er framandt med tanke på studiemetodar og studieplanlegging, må
24 vidaregåande skule sørgja for å førebu elvene sine til vidare studiar. Det er difor viktig at
25 skuleleiarar ved vidaregåande skular, og leiarar ved universitet og høgskular, har eit godt
26 samarbeid om kva for ein kvardag som møter studentar i høgare utdanning.

27 Høgare utdanning er ikkje, og skal ikkje vera, det einaste alternativet til vidare studium etter
28 vidaregåande. Det er viktig at UH-sektoren og fagskulesektoren har gode samarbeidsordningar for
29 å sørgja for at studietilboda er komplementære, og for at ein fungerer godt saman der studium har
30 nære koplingar eller overlappar. Vi treng gode og fagleg forsvarlege overgangsordningar frå
31 fagskole til høgare utdanning. Det kan vera føremålstenleg med eit samarbeidsnettverk der både
32 fagmiljøa ved fagskulane og fagmiljøa ved universitet og høgskular deltek for å diskutera korleis å
33 gjera overgangsordningane best mogleg. NSO meiner det er viktig at fagskuleutdanningar gjev
34 fagskulepoeng. Det skal bidra til å verna fagskolane sin eigenart og for å unngå misvisande og
35 utydelig informasjon til studiesøkarar.

36 Det skal vera mogleg for fagskuler å melda seg inn i ein studentsamskipnad dersom det er ynskt
37 av studentane og institusjonen sjølv. Fagskulestudentar skal ha same rettar til studiestøtte hos
38 Statens lånekasse for utdanning som studentar i høgare utdanning. Fagskulestudentar skal òg ha
39 same rettar til organisering av studentdemokrati og studentmedverknad som studentar i høgare
40 utdanning.

41 NSO oppfordrar fagskulane, universiteta og høgskulane til å inngå avtaler om godkjenning av
42 relevante utdanningar. Det skal likevel vera opp til kvart enkelt universitet og høgskule å vurdere
43 søkarar med fagskule.

44 Dei ulike delane av det norske utdanningssystemet må utviklast og vert kontrollert slik at dei
45 stemmer overeins med krava som Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) set til læringsutbytte i
46 studium på dei ulike nivåa. Det er essensielt for ein fungerande heilskap at utdanningssystemet
47 består av delar som er i tråd med dei nivåa i NKR dei er plassert til, slik at ingen av delane i
48 utdanningssystemet konkurrerer med kvarandre eller synar seg som uklare med tanke på kva for
49 utdanningar dei gir, kva kompetansen kan verta brukt til, og kva dei kvalifiserer til vidare.

50 **FAGLEG PROFIL OG INSTITUSJONELL AUTONOMI**

51 **Fagmiljø og samansetning**

52 Institusjonane må ha ei fagleg sammensetning som gjer muleg og stimulerer til god integrasjon
53 mellom forskingsaktiviteten til institusjonen og utdanningstilbod. Difor meiner NSO at institusjonane
54 bør sjå på korleis ein kan samla sine fagmiljø for å gjera dette muleg. NSO meiner at ei samling av
55 fagmiljø skal baserast på vurderingar av fagleg kvalitet og langsiktige behov. Institusjonane skal
56 kartleggja korleis fagmiljøane best kan dimensjonerast, og institusjonane sjølv skal kunne redusere
57 eller avvikla miljø der det er føremålstenleg.

58 Sett i lys av store endringar i institusjonslandskapet er det samfunnsoppdraget til ein institusjon å
59 levera relevant utdanning som gjev høgt kompetente kandidatar. I lys av dette skal
60 studieprogramporteføljen hos institusjonane vera dynamiske. Slik kan institusjonar imøtekoma
61 både samfunnet og behovet til næringslivet for relevant utdanning av høg kvalitet, både regionalt
62 og nasjonalt. Difor meiner NSO at institusjonane kontinuerleg må sjå på studieprogramporteføljen,
63 og sørgja for å utvikla høg kvalitet i alle studieprogram som vert tilbode. Dette inkluderer både
64 opprettinga av nye, forbetring av eksisterande og utfasing av eksisterande studieprogram, då
65 særleg studieprogram og fagmiljø som vert vurdert til å vera utanfor dei faglege profila deira.
66 Arbeidsdeling skal skje ved samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane.

67 Nasjonalt ansvar skal vera eit politisk styrt ansvarsområde som kan tildelast ein enkelt institusjon
68 for å ivareta og oppretthalda mindre og sårbare studieprogram. NSO meiner at det skal vera
69 faglege grunngevingar for å tildela ein institusjon nasjonalt ansvar. Det skal òg vera økonomiske
70 støtteordningar som gjer det mogleg å sørgja for høg kvalitet, sterke fagmiljø og rekruttering til
71 desse studieprogramma.

72 Alle utdanningsinstitusjonar skal ha ein tydeleg, spissa profil, og denne skal vera grunnlag for
73 dialogen som Kunnskapsdepartementet har med institusjonane. Den faglege profilen skal spissast
74 inn mot nokre utvalde område som vert avgjort politisk av Stortinget etter eit heilskapsomsyn, men
75 der institusjonane sjølv gjev si anbefaling i form av innspel til departementet på faglege styrkar og
76 satsingsområder. Utdanninga ved institusjonane skal ha samanheng med forskning som vert utført
77 ved institusjonen. Det inneber at institusjonane må ha ei fagleg samansetning som gjer muleg og
78 stimulerer til god integrasjon mellom institusjonens forskingsaktivitet og utdanningstilbod.

79 **Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon**

80 NSO meiner det er ønskeleg med ein større arbeidsdeling i universitets- og høgskulesektoren og
81 meiner dette vil vera positivt for å styrkja og samla fagmiljøa i større grad. Dersom norske

82 utdanningsinstitusjonar skal kunna hevda seg internasjonalt er vi avhengige av å ha sterke og
83 stabile fagmiljø.

84 Kunnskapsdepartementet skal, i samarbeid med dei andre departementa, gjera evalueringar av
85 behovet for ulike fagmiljø på nasjonalt nivå og kartleggja korleis utdanningslandskapet kan
86 dimensjonerast betre. Departementet skal vera tydelege i forventingane sine overfor
87 institusjonane, slik at desse kan spissa den faglege aktiviteten sin i tråd med politisk intensjon og
88 institusjonen sin egne faglege prioriteringar. For å få til reelt samarbeid, arbeidsdeling og
89 konsentrasjon, meiner NSO det må utarbeidast sterkare insentiv frå politisk hold, basert på ein
90 heilskapleg nasjonal strategi og eit finansieringssystem som fremjar kvalitet i forskning, utdanning
91 og formidling.

92 Dagens finansieringssystem med stykkprisfinansiering løna ikkje nasjonalt samarbeid og nasjonal
93 mobilitet. NSO meiner dette fører til ei hemming av arbeidsdelinga i sektoren, spesielt når det kjem
94 til valbare emne i eit studieprogram. Ei auka satsing på nasjonal mobilitet vil kunna minska
95 behovet for at institusjonane skal tilby mange små emne og heller styrkja kvaliteten på dei emna
96 som vert tilbydd.

97 **Tilpassing av utdanningstilbodet**

98 Økonomiske middel til å gjennomføra arbeidsdeling og konsentrasjon skal gjevast for å styrkja
99 fagleg verksemd der behovet er godt grunngjeve, og skal ikkje tildelast for å oppnå effektiv og
100 eintydig administrasjon og leiing i seg sjølv. NSO meiner at for mange institusjonar i dag tilbyr
101 utdanningar innanfor same fagområde.

102 Nasjonale styresmakter skal sette rammer for utdanningstilboda slik at ikkje institusjonane kan
103 oppretta nye studium som er utanfor profilen og samfunnsoppdraget til institusjonen. Vidare skal
104 styresmaktene kunna stilla aktivitetskrav til enkelte utdanningar som er spesielt viktige for å sikra
105 kompetansen innanfor visse fagområde.

106 Om ikkje institusjonane er villige til å spissa fagporteføljen i tråd med Stortingets strategi, og
107 dessutan nasjonale og internasjonale behov for kandidatar, kan samlinga av fagmiljø gjerast
108 gjennom politisk avgjerd . Politisk bestemd samling av fagmiljø skal gjerast gjennom gradvis
109 avvikling av studieplassane slik at verken institusjonen, dei fagleg tilsette eller studentane som er
110 teke opp på studiet vert unødig skadelidande. Departementet skal ha ettersyn med eventuelle
111 avviklingsplaner og kan i ytste konsekvens setja i verk sanksjonar for institusjonar som ikkje
112 gjennomfører SAK etter politisk intensjon.

113 NSO meiner at studiekvalitet kan definerast som i kva for ein grad utdanningsinstitusjonar legg til
114 rette for og arbeider med at alle aspekt av studiet bidreg til å nå læringsutbyttet og måla som er
115 sett for studiet. Tydeleg institusjonelle profil bidreg til god studiekvalitet, og nye studietilbod skal
116 sjåast i samheng med sektoren som heilskap. NSO meiner at inflasjon i studietilbod effektivt kan
117 hindrast ved at institusjonane må søkja departementet om å oppretta studieprogram utanfor dei
118 faglege profila til institusjonane.

119 **Autonomi**

120 Når det gjeld akademisk autonomi, meiner NSO at universitet og høgskular skal ha sjølvavgjerd
121 over kva som er opptakskriteria til deira egne studieprogram. Ein bør likevel streva etter at
122 institusjonar som har like studium har nokolunde like opptakskriterium. Styresmaktene skal kunna
123 setja tak på kor mange studentar ein institusjon kan ta opp innanfor eit fagområde utover det som
124 ein har fullfinansiering til. Likevel skal institusjonen sjølv avgjera kor mange ein tek opp innanfor

125 dette taket.

126

127 **Organisatorisk autonomi**

128 Universitet og høgsuler skal ha kollegial leiing på alle nivå. Institusjonane skal sjølv avgjera
129 korleis leiing vert valt eller vert tilsett. Ekstern styreleiar og eksterne styreremedlemmer skal
130 oppnemnast av Kunnskapsdepartementet etter forslag frå institusjonen. Styra skal ha ei tredeling
131 av makt mellom studentar, tilsette og eksterne representantar. NSO meiner at ingen gruppe skal
132 ha fleirtal åleine. Alle gruppene skal ha minst 20 prosent representasjon.

133 Institusjonane skal ha økonomisk autonomi til å sjølv avgjera over inntektshøva sine ut over statleg
134 finansiering. Institusjonane skal sjølv kunna ta opp lån. Institusjonane skal ha administrativ
135 autonomi til å sjølv avgjera over kven dei tilset.

136 **Øvrige organ og forvaltning**

137 NSO meiner at etaten si styring av dei statlege institusjonane skal skje direkte mellom institusjonen
138 og departementet. Vidare meiner vi at organ som jobbar med forvaltning på oppdrag frå
139 departementet skal ha spesialiserte arbeidsområde, med eit ikkje altfor breitt omfang. Dette er for
140 å unngå at enkelte offentlege organ får for stort nedslagsfelt, og dermed vert for normgivande for
141 sektoren. NSO meiner at det ikkje skal vera eit direktorat for høgare utdanning.

142 I Noreg skal NOKUT vera eit fagleg og uavhengig statleg kvalitetssikringsorgan for høgare
143 utdanning, i tråd med European Standards and Guidelines for Quality Assurance. NOKUT skal ha
144 tilsyn med kvaliteten i utdanninga ved norske høgare utdanningsinstitusjonar innanfor ramma som
145 er sett fast i lov og forskrift. NOKUT si rolle skal vera å føra tilsyn med det systematiske
146 kvalitetsarbeidet ved institusjonen, og dessutan bidra med kompetanse og anbefalingar til
147 institusjonane sitt kvalitetsfremmende arbeid.

148 Organ som har oppgåver knytt til administrative og tekniske støttetenester, bør så langt som
149 mogleg samlast.

150 Noregs forskingsråd (NFR) si rolle skal vera å vurdere det faglege nivåa ved institusjonane i
151 landet, tildela middel til forskning gjennom søknadsordningar, og dessutan bidra med
152 støttefunksjonar for å heva det norske forskingsarbeidet.

153 NOKUT og NFR skal ha eit nært samarbeid om vurdering av fagmiljøa og støtteordningar som kan
154 bidra til betre arbeid ved institusjonane for å sjå utdanning og forskning i samanheng.

155 **Akkreditering og autonomien til institusjonane**

156 Akkreditering innanfor norsk høgare utdanning er naudsynt for å sikra at institusjonane tar hand
157 om sine institusjonelle fullmakter, har merksemd på planlagt læringsutbytte og innrettar verksemda
158 mot god kvalitet på forskning, utdanning og formidling. Akkreditering er ein offisiell heider og
159 tillitsfråsegn av kompetansen til ein organisasjon og evne til å utføra angjevne oppgåver i samsvar
160 med gjevne krav. Målet med akkreditering skal vera å sikra og framme utdanningskvalitet forstått
161 som kvalitet og relevans på studentanes læringsutbytte.

162 *Institusjonsakkreditering og fullmakter*

163 NSO meiner at institusjonelle akkrediteringsfullmakter som følgjer institusjonskategori er ikkje er
164 hensiktsmessig, då denne ordninga ikkje i tilstrekkeleg grad fremjar kvalitet og fokus på
165 læringsutbytte.

166 NSO meiner at faglege fullmakter skal kunna gjevast på bakgrunn av kvaliteten til eit spesifikt
167 fagmiljø, ved at akkrediteringsfullmakter for oppretting av nye gradar løyvast på bakgrunn av
168 mengd akkrediterte gradar fagmiljøet har frå før. Dersom institusjonen ynskjer å oppretta ein grad
169 utanfor eit fagmiljø med sjølvakkrediteringsrett, skal institusjonane måtta søkja
170 Kunnskapsdepartementet, som vurderer søknaden på bakgrunn av ei sakkyndig vurdering gjort av
171 NOKUT. Departementet skal òg vurdere søknader basert på omsyn til fagleg konsentrasjon,
172 arbeidsdeling og samfunnsoppdrag sett i nasjonal kontekst, og korleis opprettinga av eit nytt
173 studieprogram/fagmiljø vil påverka desse omsyna. Dette skal motverka inflasjon i studietilboda, og
174 føra til ein meir spissa sektor i tråd med NSOs ambisjonar om ein konsentrert og arbeidsdelt sektor
175 som fremjar kvalitet.

176 *Institusjonskategoriar*

177 Fusjonane i sektoren har ført til ei annan dimensjonering av utdanningsinstitusjonane. Det er i dag
178 færre, men større, utdanningsinstitusjonar med ein brei fagleg profil. NSO støttar ei slik utvikling så
179 lenge den tek vare på samfunnsoppdraget til institusjonane, og er basert på kvalitet i utdanning og
180 forskning.

181 NSO meiner at dei faglege profila til institusjonane er det viktigaste å spegle i tittelen til
182 institusjonen, og meiner at det tradisjonelle skiljet mellom universitet og høgskule er i ferd med å
183 forsvinne. Det vert stadig utdanna fleire doktorgradsstipendiatar på høgskulane, og
184 forskingsproduksjonen er aukande både i kvalitet og mengd. NSO meiner at institusjonstittel skal
185 tildelast basert på rolla til institusjonen og faglege profil og at institusjonar bør ha fagspesifikke
186 namn, slik som Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og Noregs miljø- og biovitenskapelige
187 universitet. Profesjonsuniversitet skal vera alternativ tittel for institusjonar med
188 profesjonsutdanningar som ansvarsområde og fagleg profil. Høgare utdanningsinstitusjonar skal,
189 uavhengig av norsk tittel, kunne nytta seg av tittelen «university» i internasjonal samanheng.

190 *Nasjonalt ansvar*

191 Nasjonalt ansvar for fagområde kan tildelast institusjonar av Kunnskapsdepartementet for å styrkja
192 fagmiljø som allereie er gode eller som eit verkemiddel for å verna fagområde og utdanningar som
193 er skjøre, men som er essensielle for utvikling av kunnskapssamfunnet. I slike tilfelle skal tildeling
194 av nasjonalt ansvar vera eit langsiktig grep for å byggja kompetanse innan skjøre fagområde
195 som på sikt kan bidra til å byggja fagmiljø utover vertsinstitusjonen. Med nasjonalt ansvar skal det
196 òg utdelast øyremerkte økonomiske middel, som gjer det mogleg for dei institusjonane som tek
197 nasjonalt ansvar å oppretthalda visse fagmiljø. NSO meiner nasjonalt ansvar skal verta ein formell
198 tittel for å sikra at utdanning, forskning og formidling innanfor dei enkelte fagområda vert spissa.

199 **DIMENSJONERING AV HØGARE UTDANNING**

200 Mengda små og sårbare fagmiljø utgjer i dag ein trussel mot god utdanningskvalitet for mange
201 studentar i norsk høgare utdanning. NSO meiner at det må vera ei kontinuerleg vurdering om det
202 er føremålstenleg å ha same studietilbod mange stader på nasjonalt nivå. Det er eit mål å få samla
203 sårbare fagmiljø og kompetanse ved nokre institusjonar slik at studentar og tilsette vert ein del av
204 eit større akademisk fellesskap. NSO vil poengtera at dimensjoneringa av norsk høgare utdanning
205 skal baserast på ei heilskapsvurdering, og ikkje berre konkrete framskrivingar av
206 kompetansebehovet i framtida innanfor utdanningar.

207 **Finansiering**

208 Universitet og høgskular skal hovudsakleg finansierast av statlege midlar. Det er styret ved den
209 enkelte utdanningsinstitusjonen som er ansvarleg for å forvalta midla på ein måte som stimulerer til
210 høg kvalitet i alle ledd, og balansera dei totale ressursane institusjonane har, både økonomisk,
211 administrativt og innanfor forskning, utdanning og formidling. NSO meiner institusjonane sine
212 rapporteringskrav skal gjennomgåast. Private utdanningsinstitusjonar med institusjonsakkreditering
213 skal sikrast ei meir likeverdig finansiering for å minimera den økonomiske byrden på den enkelte
214 studenten.

215 *Basisløyvinga*

216 Basiskomponenten skal vera føreseieleg og stabilitet for økonomien til institusjonen, og langsiktige
217 kvalitetsfremmande tiltak. NSO meiner basiskomponenten skal vera mellom 70 til 80 prosent av
218 rammeløyvinga. Endringar i basisløyvingar til institusjonane frå eitt år til eitt anna skal aldri vera
219 mindre enn auke i konsumprisindeksen.

220 *Resultatkomponenten*

221 Resultatkomponenten skal gje institusjonane auka handlingsrom utover minimumnivå av aktivitet.
222 Utdanningsinsentiva skal løna fullførde gradar, studiepoengsproduksjon og studentutveksling.
223 Resten av komponenten skal løna ekstern finansiering og vitenskapleg publisering.

224 Utteljning i EUs forskingsprogram og ERC skal utløysa resultatfinansiering. NSO meiner publisering
225 i opne kanalar skal lønast gjennom eit eige publiseringnivå for Open Access-publisering. Alt
226 grunnlag for resultatindikatorar på forskning må innehalda fagfellevurdering.

227 *Kostnadskategoriar*

228 Det skal vera ulike kostnadskategoriar for å ta omsyn til variasjon i kostnader mellom utdanningar.
229 Kostnadskategoriane skal spegle dei naudsynte kostnadene innan eit fagområde, og dekke både
230 undervising, oppfølging og rettleiing. Studieplassfinansiering skal berre nyttast innanfor den
231 kostnadskategorien dei er tildelt i.

232 **Infrastruktur og bygningsmasse**

233 Institusjonar som er sjølvforvaltande har ansvaret for vedlikehald og oppdatering av eksisterande
234 bygningsmasse, eigedom og infrastruktur. Institusjonar som ikkje er sjølvforvaltande skal sikrast eit
235 ikkje-byråkratisk og effektivt system for investeringar, vedlikehald, tilpassing og drift av bygg
236 gjennom Statsbygg. Ein institusjon som driftar eigen bygningsmasse på ein uforsvarlig måte kan
237 fråtakast retten til sjølvforvaltning, og ansvaret for dette vert overført til Statsbygg.

238 Statsbygg skal bidra til at studie- og arbeidsmiljø til kvar og ei tid er sikra gode rammevilkår, og
239 skal gje institusjonane stor grad av autonomi i tilpassing og omstilling av bygningsmassen.
240 Departementet har ansvar for at utdanningsinstitusjonane har gode og føreseielege rammar for
241 investeringar og vedlikehald gjennom langsiktige planverk.

242 NSO meiner at institusjonane skal ha ein digital infrastruktur som legg godt til rette for bruk av
243 digitale verktøy.

244 **LEIING OG KOMPETANSE FOR UTVIKLING**

245 For at norske høgare utdanning skal kunna ha høgt nivå, og vera med i den internasjonale
246 konkurransen både på forskings- og på utdanningssida, meiner NSO det eit spesielt viktig å sjå på
247 korleis kompetanse vert utvikla ved institusjonane. Då tenkjer vi på kompetansen til dei tilsette, og

248 på korleis leiing vert drive og vert utvikla for å leggja gode grunnlag i kvardagen for at tilsette og
249 miljø skal kunna nå måla sine.

250 NSO opplever at leiing på institutt/avdelingsnivå får for lite merksemd ved norske universitet og
251 høgskular. NSO meiner personalleiing på institutt/avdelingsnivå er svært viktig for å gje dei enkelte
252 tilsette naudsynt oppfølging for kompetanseutvikling og for organisering av aktiviteten ved
253 instituttet/avdelinga, og korleis tilsette arbeid saman. Det er difor naudsynt av institusjonane å
254 satsa meir på kompetanseheving blant leiarar på desse nivåa. Det er spesielt viktig at det gjennom
255 god leiing arbeidast fram fagmiljø kor vitskaplege tilsette som driv med utdanning og undervisning
256 arbeider saman i team. Dette er viktig for å blant anna skapa samanheng i utdanningsløpa og i
257 fellesskap utvikla gode undervisningsformer og aktuelle studietilbod.

258 **Stillingskategoriar**

259 NSO meiner at det som eit resultat av at ein har eit eige karriereløp for undervisningsstillingar
260 leggjast opp til ein prioritering av forskning i det mest nytta karriereløpet (amanuensis/professor).
261 NSO meiner det er problematisk at ikkje alle vitskaplege stillingar inneheld både undervisnings- og
262 forskingsarbeid. Forsking og utdanning er sider ved universitet og høgskulane sine oppdrag som
263 bør verta arbeidd med saman. Då er det òg naudsynt at tilsette må arbeida med begge delar. NSO
264 ser òg ei utfordring med kulturen i UH-sektoren ved at undervisnings- og utdanningsarbeid ikkje gjev
265 like mykje status og prestisje som forskingsarbeid. NSO meiner difor at systemet med to ulike
266 karriereløp må avviklast til fordel for eitt heilskapleg karriereløp, der alle vitskaplege stillingar skal
267 vera både undervisnings- og forskingsstillingar.

268 For å satsa like mykje på utdanning som forskning, er det naudsynt at det vert stilt dei same krava til
269 utvikling av undervisningskompetanse, som forskingskompetanse, for å kunna få tilsetting eller
270 opprykk frå ei vitskapleg stilling til ei anna.